
Saksnr: 2021/5155-4
Saksbehandlar Jorunn-Elisabeth Stavø
Dato: 01.03.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Søknad om Klimasatsmidlar til fylkesvegprosjekt

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok utviklingsplanen for Vestland 29. September 2020. Eit av måla i utviklingsplanen er at klima og miljø skal ligge som premiss for samfunnsutvikling. Strategiane som er vedtatt for å oppfylle dette er mellom anna:

- Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030
- Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

Vidare er det i vedtatt Budsjett 2021 / økonomiplan 2021-2024 for Vestland fylkeskommune eit eige kapittel om Klima. Her er eit av dei vedtekne tiltaka for 2021:

- Lågutslepps fylkesvegutbygging

Klimagassutslepp knytt til fylkesvegane i Vestland

Vestland fylkeskommunen rapporterer ikkje per dags dato reelle utsleppstal for bygg og anleggsverksemd frå fylkesvegane. Utsleppa er berekna ut i frå KOSTRA-tal og bruk av standard utslepp pr kroner til denne typen aktivitet. KOSTRA-tall viser at bygg og infrastruktur av fylkesvegane hadde utslepp på 71 257 tonn CO2 ekvivalentar i 2019, som utgjorde 16 prosent av dei totale CO2 utsleppa til Vestland fylkeskommune i 2019. Etter at fylkeskommunen har jobba med å få ned utslepp til andre sektorar (blant anna buss, ferjer og hurtigbåtar) er det venta at utsleppsdelene knytt til fylkesvegane vil auke i forhold til dei totale utsleppa i fylkeskommunen.

Utbygging og drift og vedlikehald av vegnettet utgjer store utslepp nasjonalt og regionalt i Vestland. Statens vegvesen anslår at på eit typisk veganlegg så vil rundt ein tredjedel av klimagassutsleppa komme frå bruk av diesel i anleggsmaskiner og transport av materialar og massar, mens to tredjedelar av utsleppa vil komme frå produksjon av materiala som vert nytta, som for eksempel betong, stål og asfalt.

Klimasats

For å nå målet om nullutslepp innan 2030 har fylkesdirektøren starta ein prosess for kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast. Fylkesdirektøren skal arbeide med å kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps fylkesvegbygging. I februar 2021 vart det sendt inn søknader om støtte tre prosjekt til Miljødirektoratet si støtteordning, Klimasats:

1. Forprosjekt for lågutslepp fylkesvegbygging og -drifting
2. Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland
3. Forprosjekt for steinhandtering i tunnelprosjektering med SteinLCA

Prosjekt 1 og 3 er forprosjekt som vil bli gjennomførte sjølv om fylkeskommunen ikkje mottar tilsegn til støtte. Men utan økonomisk støtte vil omfanget av forprosjekta bli mindre, og det er til dømes ikkje økonomisk rom for innleige av eksterne konsulentar. Det er i desse to prosjekta søkt om 50 prosent støtte av dei totale kostnadane.

I prosjekt 2 har fylkeskommunen søkt om økonomisk støtte til å opprette ei 2-årig prosjektstilling. Målet er å tilsette ein prosjektmedarbeidar som kan arbeide med å implementere og etterleve klima og miljøkrav i anskaffingar for heile fylkesvegsløpet. Vedkommande skal jobbe på tvers av fagseksjonane i avdelinga, og ha dialog mot andre vegeigarar og leverandørmarknaden. Fylkesdirektøren og leiargruppa skal vere tett kopla på arbeidet for å sikre at vi oppnår ønska resultat. Det er i dette prosjektet søkt om 75 prosent støtte av dei totale kostnadane.

Det er venta svar på søknadane innan sommaren 2021.